

Internasjonale studie plassar i Sogn og Fjordane

Med skulestart august 2017 kan UWC Røde Kors Nordisk og Sogn og Fjordane Fylkeskommune i samarbeid tilby eit to-årig studie som leier fram til Diplom for International Baccalaureate (IB), gjennom ei fylkesdekkande linje.

Søkjarar må vere busette i Sogn og Fjordane.

IB er eit toårig universitetsførebauende opplæringstilbod som byggjer på greidd vg1 frå eit studieførebauende utdanningsprogram. Eksamen frå IB-lina kvalifiserer for opptak til dei fleste høgare lærestader i verda, med moglegheiter for spesielle «scholarships». Den daglege undervisninga er på engelsk, på UWC Røde Kors Nordisk, på Haugland i Fjaler. Om ønskeleg kan ein få overnattingsplass og måltid på campus.


Utdanningstilbodet er gratis.

Om ein går for modellen med overnatting og mat på campus, vil det vere eit årleg eigenandel på 30.000 kr for skuleåret 2017-18. I tillegg skal det elevane får som bo- og statsstipend gjennom Lånekassen bli betalt som eit restbeløp for å dekke skulen sine kostnader.

På same vis som ungdommar i resten av landet, kan elevar i Sogn og Fjordane søkje på studie plassar til alle UWC skulane i verda, gjennom UWC Norge (nasjonalkomiteé med kontor i Oslo). Søkjarar bør velje ein av desse kanalane. Dvs dei som søker gjennom nasjonalkomiteen vil ikkje vere kandidat for den fylkesdekkande linja.

Sjå <http://uwrcrn.no/academics/> for generell informasjon om studiet på UWC Røde Kors Nordisk, eller kontakt Leonie Merts Koning: admissions@rcnuwc.no tel. 57 73 70 04.

Søknad er på VIGO, med søknadsfrist 1 mars.



IB Educational Model



UWC Educational Model